

Sofie Helbro Dalland
Dalland 70
5936 MANGER

Referansar:
Dykkar:
Vår: 23/6561 - 23/75789

Sakshandsamar:
Svein Arne Vågane
svein.arne.vagane@alver.kommune.no

Dato:
29.09.2023

Løyve til å byggje landbruksveg på gnr. 433/4 Innhella og gnr 437/3 Dalland i Alver kommune

Administrativt vedtak: Saknr:

VEDTAK:

Med heimel i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar gjev Alver kommune Sofie Helbro Dalland løyve til å byggje landbruksveg som søkt om på gnr. 433, bnr. 4 og gnr. 437, bnr. 3 i Alver kommune.

Det vert sett fylgjande vilkår:

- Om det kjem fram kulturminne under arbeidet, må alt arbeid stoggast og Vestland fylkeskommune, avdeling for kultur og folkehels varslast.
- Så langt det let deg gjere, skal ein unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar og tufter med meir.
- Ved steingarden i grensa mellom dei to gardsbruka må det ikkje lagast større opning enn naudsynt og helst ikkje meir enn opninga som er der i dag. Om det likevel må takast vekk noko av steingarden, må endande av steingarden murast oppatt med beine, vertikale avslutningar.
- Om traséen kryssar stiar, må det leggjast til rette for at det er lett å krysse vegen til føts.
- Veganlegget må byggjast i samsvar med krav sett i «normaler for landbruksveier – med byggebeskrivelse» for vegklasse 7 – tung traktorveg.
- Vedtaket er gyldig til 01.10.2026 og tiltaket må vere ferdig innan 01.10.2027.
- Vegen må byggjast slik det kjem fram i saksutgreiinga.
- Området skal ryddast opp etter at vegen er ferdig bygd.

Om ikkje arbeidet er sett i gong innan fristen for løyvet, fell løyvet bort jf. landbruksvegforskrifta § 3 - 2.

Saka gjeld

Sofie Helbro Dalland og Otto Kåre hella søker om å byggje landbruksveg i vegklasse 7 - tung

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

traktorveg. Lengda er 200m og vegen løyser ut 60 daa produktiv skog med om lag 3.000m³ hogstmoden skog. Interessene i vegen er fordelt på 20% jordbruk og 80% skog. Vegen startar frå eksisterande veg på begge bruk og knyter saman veganlegg på dei to bruka. Vegen er kostnadsrekna til om lag kr 200.000 som gjev ein meterpris på kr. 1.000,-.

Det skal takast ut om lag masse 4.000m³ Stein i samband med bygging av veganlegget. Tre mindre bergknabbar på gnr. 437, bnr. 3, men nær grensa der vegen kryssar denne, skal nyttast. I tillegg eit mindre berg der vegen tek til på same bruket – sjå fig. 1-3 neste side. Avkøyrsløyve/endringsløyve til offentleg veg er ikkje aktuelt i dette tilfellet.

Frå gnr. 437, bnr. 3 skrår vegen nedover mot eit beite/fulldyrka jord før den kryssar ein steingard i grensa mellom dei to bruka. I denne steingarden er det ein opning – sjå fig. ??? der søkjar tenkjer å leggje traséen. Vidare held vegen fram over beite på gnr. 433, bnr. 4.




Fig. 1. Vegtraséen er tenkt lagt slik. I grensa mellom dei to bruka, er det ein steingard. Søkjar vil, så langt råd er, leggje den i ein eksisterande opning i steingarden. Kart vedlagt søknaden.



Fig. 2. På gnr. 437, bnr. 3 skal den nye vegen starte ved enden av eksisterande veg. Den vil gå gjennom granene midt i biletet. Steinen frå fjellet haugen skal nyttast til vegbygginga.



Fig. 3. Frå området i fig. 2 skal vegen gå mot fotografen, men til venstre i biletet før den held fram over fulldyrka jord og innmarksbeite mot grensa til gnr. 433, bnr. 4.



Fig. 4. Mot grensa til gnr. 433, bnr. 4 er det i dag tre fjellhaugar. Planen er å nytte massane frå desse til å bygge vegen. I grensa mellom dei to gardsbruka står det nokre rekkjer med gran. Bak haugane går det ein steingard i grensa mellom dei to gardsbruka. Det er ein opning i steingarden bak den midtre haugen, og traséen er tenkt lagt gjennom steingarden der slik at minst mogleg av denne vert øydelagt – sjå fig. 5.



Fig. 5. Vegen er tenkt lagt gjennom opninga i steingarden. Bak grantrea skimtar vi beitet på gnr. 433, bnr. 4 der vegen skal halde fram.

VURDERING:

Formålet med landbruksvegforskrifta er å sikre at planlegging og bygging av landbruksvegar skjer på ein måte som gjev best moglege heilskapsløysingar. Samstundes skal det leggjast vekt på omsynet til miljøverdiar som naturmangfald, landskap, kulturminne og friluftsliv, omsynet til fare for flaum, erosjon og lausmasseskred og endeleg andre interesser som vert råka av vegframføringa.

Vegen gjev tilkomst til og rasjonell hogst av skog og vidare på eigen eideom og er såleis i tråd med føremålet.

Prinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg lagt vekt på berekraftig bruk og vern av naturmangfald der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden, men og i ein større samanheng. Kommunen har mellom anna søkt i naturbasen (via gardskart) og artsdatabanken. Med unntak av leveområde for hjort er det ikkje gjort funn i traséen eller området i nærleiken.

Søknaden har vore sendt på høyring til Vestland fylkeskommune, Statsforvaltaren i Vestland og Alver kommune, kultur.

Vestland fylkeskommune kan ikkje sjå at traséen kjem i direkte konflikt med kjende automatisk freda kulturminne. Fylkeskommunen har difor ingen avgjerande merknader utover at ein under arbeidet søker å unngå inngrep/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter med meir.

Fylkeskommunen syner òg til meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under arbeidet, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune. Alt arbeid må då støggast til rette forvaltningsmynde har vurdert funnet. Eventuell gransking vil verte gjennomført mindre enn 3 dagar etter melding om mogleg funn.

Statsforvaltaren har kort vurdert både miljø- og landbruksinteressene. Statsforvaltaren har ingen merknad til søknaden.

Alver kommune, kultur har òg kome med merknad til søknaden. Dei kan heller ikkje sjå at søknaden kjem i konflikt med friluftsliv- eller kulturminneinteresser. Kultur hjå kommune har såleis ikkje merknader til bygging av vegen. Dei peikar på at det er ein del som går tur i området med Tveiteråsen og/eller Kalsåsen som kulturmål, eller frå Hella til Dalland. Almenta sin bruk av stiar og landbruksvegar i området må ikkje verte vanskeleggjort etter at eventuell skoghogst er avslutta.

Vidare peikar dei på at dersom vegen må gå gjennom steingardar, må det ikkje lagast større opning enn naudsynt og at det må vere beine avslutningar på steingarden på begge sider av vegen.

Slike søknadar skal altså vurderast etter naturmangfaldslova §§ 8-12 jf. § 7. Ut frå det som kjem fram ovanfor finn vi at kravet om kunnskapsgrunnlaget i naturmangfaldslova § 8 er godt nok til å fatte vedtak. Vidare er «føre-van» prinsippet teke i vare med det kunnskapsgrunnlaget som ligg føre, slik intensjonane i naturmangfaldslova § 9 føreset. Vi kan heller ikkje sjå at den samla byrda for økosystemet er nemneverdig lidande jf. naturmangfaldslova § 10. Vegen er avgrensa i omfang og gjev heller ikkje, etter kommunen sitt syn, nemneverdige ulemper og gjev slik sett best mogleg lokalisering jf. naturmangfaldslova §§ 11 og 12.

Eigar av gnr. 433, bnr. 4 Innhella har stadfesta at vegen kan byggjast vidare på vedkomande sin eideom.

Regelverk

- Forskrift om planlegging og bygging av landbruksvegar.
- Naturmangfaldslova
- Forvaltningslova
- Kulturminnelova
- Friluftslivlova
- Offentleglova

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «23/6561»

Med venleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Svein Arne Vågane
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Otto Kåre Hella
Sofie Helbro Dalland

Radøyvegen 2082
Dalland 70

5936 Manger
5936 MANGER